



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1279 - 18/17856

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no


Dato:
05.06.2018

Oversender søknad om dispensasjon for bustad i LNF til uttale - gbnr 147/18 Sellevoll

Tiltak: bruksendring
Byggjestad: Gbnr: 147/18 Skarsvegen 549
Tiltakshavar: Veronica Vamråk Førde
Ansvarleg søkjar: Byggtec Bergen AS

Tiltak

Saka gjeld søknad om bruksendring frå hytte til heilårsbustad i LNF-område



Skråfoto



Planstatus

Arealet er uregulert og avsett til LNF-føremål i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 (KPA). Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet for bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad.

VURDERING

Dispensasjon

Det er opplyst i søknaden at bygningen vart oppført i 1925 - 35 som heilårsbustad.

Ein gong i tidsrommet 1955 – 65 vart bygningen teken i bruk som fritidsbustad, og det har vore bruken i dei seinare åra. Sidan bruken har vore fritidsbustad i over 50 år, må det ligga føre løyve til bruksendring og dispensasjon frå LNF-føremålet.

Tilkomst og parkering

Eigedommen har ikkje kjøreveg i dag, men biloppstillingsplass på andre sida av fv. 404 med avkjørslø godkjent for fritidsbustad. Søkar opplyser at det er søkt om utvida bruk av avkjørsla.

Vatn og avløp

Det er opplyst at eigedommen har borehol og ein nyare slamavskiljar. Nytt utsleppsløyve og dokumentasjon av vasskvalitet og -mengde er nødvendig for å få godkjent bruksendring.

Høyring

Før kommunen handsamar søknaden, vert saka sendt til kommunale og regionale planstyresmakter til uttale. Vår handsaming av søknaden vil i stor grad avhenge av dykkar uttale.

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Innsyn

Alle saksdokument ligg tilgjengeleg på følgjande lenke:

http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2018001279&

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg til sak, disp LNF - gbnr 147/18 Sellevoll

Tilleggsinformasjon - gbnr 147/18 Sellevoll

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 147/18 Sellevoll

Vedlegg til søknad om bruksendring - gbnr 147/18 Sellevoll

Søknad om bruksendring - gbnr 147/18 Sellevoll

Vedlegg til søknad om bruksendring

Diverse dokument til saka

Teikningar

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Hordaland fylkeskommune Kultur- og Idrettsavdelinga Planavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN
Statens vegvesen region Vest Bergen Kontorsted	Postboks 3635 Fyllingsdalen	5845	BERGEN